

Overordna beredskapsplan – administrativ del

Planens grunnlag og omfang

Beredskapsplanen skisserer overordna prinsipp og organisering for krisehandtering i Hordaland fylkeskommune. I tillegg til denne planen skal kvar eining ha sin eigen plan for krisehandtering lokalt. Denne skal følgje dei same overordna prinsippa, tilpassa og konkretisert til lokale tilhøve.

Føremålet med planen er å tydeleggjere korleis fylkeskommunen skal opptre i krisesituasjonar for å sikre menneskelege verdiar, tenesteproduksjon, økonomiske verdiar og omdøme knytt til fylkeskommunen si verksemd.

Planen skal:

- Dimensjonere ein beredskap mot kriser og ulukker innanfor den vanlege aktiviteten til fylkeskommunen
- Føre til skadeavgrensing i krise
- Gje overordna retningslinjer og kravspesifikasjonar for krisehandtering i fylkeskommunen
- Gje retningslinjer for å utarbeide lokale kriseberedskapsplanar

Følgjande prinsipp skal leggjast till grunn for all krisehandtering:

- Ansvarsprinsippet – den eininga som har ansvaret i normalsituasjonen har ansvar for nødvendige skadeførebyggjande tiltak og iverstetting av tiltak ved krise.
- Likskapsprinsippet – beredskapssituasjonen skal handterast så nært opp til ein ordinær driftssituasjon som mogeleg
- Nærleiksprinsippet – ei krise skal handterast på lågast mogleg nivå i organisasjonen
- Samvirkeprinsippet - styresmakter, verksemdar og etatar har eit sjølvstendig ansvar for å sikra eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemdar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Ansvar, oppgåver og mynde

I henhold til kommunelova § 23 er det fylkesrådmannen som er ansvarleg for å handtere ein krisesituasjon.

Dette er konkretisert i Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune:

- Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune, del B, pkt. 7:
 - Fullmakt til å handtere ein krisesituasjon
Fylkesrådmannen har dei nødvendige fullmakter til å handtere ein krisesituasjon. Etter at krise er over, vert det lagt fram ei sak til politiske organ der det vert gjort greie for tiltaka som vart sette i verk og dei økonomiske følgjene av krisehandteringa.
- Eksterne samarbeidspartar
 - Fylkesmannen
- Fylkesmannen er ein sentral aktør i beredskapsarbeidet, særleg der krise omfattar samanbrot i infrastruktur som veg, elektrisitet og telefon, ved pandemiar, skogbrann m.v. Fylkesmannen kan i gitte situasjonar ta over samordningsansvaret frå politiet i ein krisesituasjon, ref politilova § 27, 3.ledd.

- **Politi (ref mellom anna politilova § 27)**
Politiet leiar og koordinerer arbeidet på skadestaden. Dei har det operative ansvaret og informerer pårørande til omkomne eller sakna personar.
- **Brannvesen**
Brannvesenet har ansvar for sløkking og sikring av brannstad og tilhøyrande nærområde. Brannvesenet kan også vere innsatsleiar fram til politiet kjem dersom det er naudsynt.
- **Helsevesenet**
Ambulansetenesta har det medisinske ansvaret på skadestaden. Dei skal og prioritera kven som skal ha behandling på staden og kven som skal sendast til vidare medisinsk utgreiing/behandling.
- **Kommunane**
Kommunane har, også i ein krisesituasjon, ansvar for alle som oppheld seg i kommunen når krisa skjer.
Kriseleiinga etablerer kontakt med kommunen der krisa har skjedd.

Organisasjon

- **Fylkeskommunal kriseleiing (FKKL)**

Av dei fire prinsippa i innleiinga følgjer at ei krise skal handterast av den lokale leiinga med øvste leiar som kriseleiar. Dersom ei krise som oppstår i ei eining er av eit omfang eller ein karakter som krev større ressursar, skal overordna kriseleiing tre i funksjon. Overordna kriseleiing er den fylkeskommunale toppleiinga med fylkesrådmannen som øvste leiar.

Den overordna kriseleiinga er også kriseleiing for heile fylkesadministrasjonen. Det skal ikkje etablerast eiga kriseleiing i fagavdelingane.

Kriseleiar, eller den som har fullmakt etter rutine for beredskapstelefon, avgjer om og når kriseleiinga skal setjast.

- **Krisestab**

Krisestaben skal assistere kriseleiinga i administrative gjeremål under krisehandteringa.

Kriseleiar avgjer om og når krisestaben skal tre i funksjon.

- **Kriseteam**

Kriseteamet skal ha ein støttefunksjon overfor dei som er direkte eller indirekte ramma av krisa. Dette skal skje i samhandling med helsevesen og politi der dei er koplå inn. Kriseteamet skal gi råd til kriseleiinga om eventuelt oppretting av pårørandesenter.

- **Pårørandesenter**

Kriseleiar avgjer om det skal opprettast pårørandesenter, etter samråd med politiet. Arbeidet ved pårørandesenteret skal koordinerast med eventuelt kriseteam i aktuell kommune.

Leiar for kriseteamet er også leiar for pårørandesenteret. Kriseteamet kan engasjera anna fagkompetanse etter nærare avtale med kriseleiinga.

- **Pressesenter**

Kriseleiar avgjer om det skal opprettast lokalt pressesenter. Pressesenteret skal vere møtestaden for mediekontakt, pressekonferansar og tilhaldsstad/arbeidsplass for media.

Risikovurdering

For Hordaland fylkeskommune som verksemd er følgjande seks hovudkategoriar av fare- og ulukkeshendingar definerte som mest relevante:

- Kriser og ulukker i samfunnet som vedkjem tilsette i fylkeskommunen, brukarar av fylkeskommunale tenester eller fylkeskommunen sin eigedom.
Dette kan vera store trafikkulykker, kjemikalieulukker eller andre naturhendingar der brukarar av fylkeskommunale tenester eller tilsette i fylkeskommunen vert råka, eller som fører til redusert tenesteproduksjon. Hendingar som utløyser eit ekstraordinært transportbehov i samfunnet har fylkeskommunen eit særskilt ansvar for.
- Brann eller åtak mot verksemda/alvorleg svikt i bygningsmessige forhold
Døme kan vera brann, svikt i bygningskonstruksjon, lekkasjar med eksponering for helseskadelege stoff.
- Store utbrot av infeksjonssjukdom
Det kan her dreia seg om pandemiar, epidemiar som rammar mange tilsette og/eller elevar.
- Kriminelle handlingar og/eller truslar
Slike hendingar kan omfatte terroråtak, alvorlege valdsepisodar, organisert kriminalitet og økonomisk utroskap.
- Svikt i kritiske system/ e-komtenester
- Personopplysningar eller anna sensitiv informasjon på avveger

Kompetanse, opplæring og øvingar

Det skal gjennomførast beredskapsøvingar for at leiinga og dei tilsette skal vera sikre i ein krisesituasjon. Fylkesadministrasjonen og alle einingane skal gjennomføra øving kvart år. Øvingar skal evaluerast.

Døme på øvingar kan vere:

- Varslingsøvingar
- Skrivebordsøvingar
- «Småskalaøvingar» med to ledd (FKKL og lokal kriselleiing)
- Fullskalaøvingar

Alle tilsette skal kjenna til overordna og lokal beredskapsplan, og eiga rolle/oppgåve i ein krisesituasjon. Dei som har ei definert rolle i beredskapsarbeidet, skal øva særskilt på denne.

Fagansvarleg for beredskap har eit særskilt ansvar for å vere fagleg oppdatert.

Ajourhald og oppdatering

Denne planen skal reviderast på grunnlag av erfaringar i evalueringsarbeid etter øvingar, krisehandteringar og tilsyn.


Ansvar for ajourhald og oppdatering ligg til fagansvarleg for beredskap i Hordaland fylkeskommune.

Overordna beredskapsplan – operativ del

Når og av kven planen vert iverksett

Overordna beredskapsplan vert iverksett av fylkesrådmannen eller den som har fullmakt etter rutine for beredskapstelefon.

Varsling



Fylkesrådmannen skal alltid varslest når situasjonen gjer at lokal beredskapsleiing trer saman.

Det er fylkesrådmannen eller den som har fullmakt etter rutine for beredskapstelefon som avgjer når FKKL skal setjast.

HFK beredskapstelefon 409 20 897

Dette telefonnummeret skal brukast ved reelle kritesituasjonar eller ved situasjonar som potensielt kan utvikle seg til alvorleg krise. Beredskapstelefonen er til ei kvar tid bemanna av ein vakthavande toppleiar.

Epostmottak:

Fylkeskommunen si beredskapsadresse er beredskap@hfk.no. Innkomande e-post til denne adressa skal distribuerast automatisk til:

Fylkesrådmannen v/ forkontor	gunbjørg.s.hanssen@hfk.no anita.fjellheim@hfk.no	
Fagansvarleg beredskap Birte M. Aasen	birte.markeseth.aasen@hfk.no	
Vakthavande toppleiar		

I normalarbeidstida: Den/dei som først les meldinga(ne) skal straks ta kontakt med den som har fullmakt etter rutine for beredskapstelefon for samråding og evt. oppfølging. Fylkesrådmannen sitt forkontor skal gi tilbakemelding for motteken e-post til denne adressa.

Utanom normalarbeidstid: Vakthavande toppleiar kvitterer for motteke melding, og varslar vidare til sentral kriseleiing.

Rutine for beredskapstelefon og vaslingslister ligg som vedlegg til denne planen.

Organisasjon

FKKL

Rolle i FKKL	Oppgåveskildring	Stilling til dagleg	Stedfortreder
Sjef	Tar avgjerda om og når FKKL skal setjast. Leiar arbeidet i FKKL i nært samarbeid med aktuell fylkesdirektør og fagansvarleg for beredskap. Arbeider mot eksterne kontaktar for å avklare og samordne behov for ressursar og samarbeid med andre instansar.	Fylkesrådmann	Fylkesdirektør organisasjon
Fagleg ansvarleg		Aktuell ansvarleg fylkesdirektør	Ansvarleg seksjonsleiar
Vakthavande toppleiar	Ansvar for å monitorere situasjonen saman med loggførar	Aktuell ansvarleg fylkesdirektør	
Personell	Har som oppgåve å skaffe nok personell til sjølve krisehandteringa og ta seg av dei som allereie er involvert i krisehandteringa. Ansvar for vaktlister og bemanning i henhold til AML.	Fylkesdirektør organisasjon	Personaldirektør
Informasjon/ etterretning	Skal formidle informasjon internt og eksternt, men og fange mediebialetet for å prøve å forutsjå kva som kjem, og evt korrigerer feilaktig informasjon.	Kommunikasjonsdirektør Politisk leiing	Seniorrådgjevar kommunikasjon
Operasjon	Den som tek seg av den operative planlegginga og yt	Fagansvarleg beredskap	Seniorrådgjevar

	støtte til sjefen i leiinga av krisehandteringa, herunder innkalling av FKKL.		
Forsyning	Ansvarleg for å koordinere og skaffe materiell og utstyr, herunder økonomiske midlar for å kunne handtere situasjonen.	Fylkesdirektør økonomi	Budsjettsjef

STAB

Rolle i stab	Oppgåveskildring	Stilling til dagleg	Stedfortreder
Leiar/ praktisk tilretteleggar	Kost, losji, kvilerom, sanitære tilhøve Kontaktledd ml ansvarleg for «operasjon» og stab	Stabsleiar i aktuell fagavdeling	
Loggførar	Loggføring av inn- og utgåande meldingar	Fylkesrådmannens sekretær	Fylkesordførars sekretær
Sekretariat	Telefonar/ epostar på vegner av FKKL	Stabsfunksjonar	
Sentralbord	Mottak av telefonar	Sentralbord	

KRISETEAM

Rolle i kriseteam	Oppgåve	Stilling til dagleg	Stedfortreder
Leiar	Koordinere kompetansepersonalet. Syte for at behov for debrief blir stetta. Kommunikasjon med politi og helsevesen. Pårørandesenter	HMT-sjef	Fysioterapeut
Støttepersonale	Debriefing, omsorg	Psykolog	Yrkeshygienikar
Støttepersonale	Handtering pårørandetelefon	Første-konsulent	

Oppgåveløysing

FKKL skal vurdere krisesituasjonen og setje i verk relevante tiltak for å redusere skadeomfanget mest mogleg.

FKKL skal vurdere støtte til lokal eining som er råka.

FKKL skal syte for at politisk leiing ved fylkesordførar/fylkesvaraordførar har informasjon til å gi oppdaterte mediekommentarar.

Medlemmene i FKKL skal nytte eksisterande organisasjon til å løyse løpande oppgåver, ref ansvars-, nærleik- og likskapsprinsippet.

Hugseliste for FKKL ligg som vedlegg til denne planen.

Informasjon

Kommunikasjonsseksjonen har desse oppgåve ved ei krise:

- Kommunikasjonsfagleg rådgjeving
- Produksjon og publisering av informasjon til media, mellom anna pressemelding
- Medieovervaking
- Etablere kapasitet til å svare media på telefon
- Utforme budskap til dei som uttale seg til media
- Praktisk leggje til rette for pressesenter og pressekonferanse ved behov
- Internkommunikasjon
- Nettpublisering

Kommunikasjonsseksjonen organiserer, gjennomføre og fordele oppgåve knytt til kommunikasjon med media og internkommunikasjon. Kommunikasjonsseksjonen legg til rette for at dei som møter media er budd, men kan også sjølv uttale seg i media om nødvendig. Kommunikasjonsseksjonen syter for at politisk leining til ei kvar tid er oppdatert.

Behov for bemanning vurderast og kommunikasjonsdirektøren vil be om ekstra hjelp frå andre i organisasjonen dersom det blir nødvendig.

Vedlegg til overordna beredskapsplan

Varslingsliste

Rutine for beredskapstelefon

Hugseliste for FKKL

Loggskjema

Meldingsskjema

Rutine for ettervern

Skjema for risikoanalyse